



# KYSTPASS



## RAMSALTE TURAR I SUND



Sund Turlag  
Bergen og Hordaland Turlag



## 150 år med turglede

Noregs største friluftsansjasjon har fremja fantastiske turopplevingar i 150 år. Og aldri før har så mange støtta opp om jubilanten: Den Norske Turistforening (DNT) har over 300 000 medlemmer, 57 medlemsforeiningar, 1 million T-vardear og 22 000 kilometer merkte stiar. Bak mesteparten av dette arbeidet ligg over 750 000 dugnadstimar.

I 150 år har DNT vore ein sterk forkjempar for det enkle friluftslivet og for at flest mogleg skal ta naturen i bruk, samtidig som vi skal ta godt vare på han. – Vårt ønske for jubileumsåret er at endå fleire vil vera med på å skapa gode opplevingar i den fantastiske naturen vi har rundt oss. Det kan ein gjera som frivillig, som medlem eller rett og slett ved å medverka til å halda naturen slik vi gjerne vil oppleva han: rein og vakker.

Sidan Turistforeningens far, Thomas Heftye, stifta foreininga 21. januar 1868, har DNT endra seg frå å vera berre for ein liten elite til å bli ei stor folkerørsle. «Lad oss gjøre det let og billigt, at riktig mange kan komme og se, hva der er stort og vakkert i vort land», sa Heftye på stiftingsmøtet. Sidan då har dette vore ei rettesnor for foreininga.

På 1800-talet var det først og fremst den øvre middelklassen som hadde tid og pengar nok til å oppleva naturen slik Heftye kunne. Slik er det ikkje i dag. Den gongen som no søker folk ut for å møte naturen, men i dag gjeld det folk frå alle samfunnslag. DNT har stiar, hytter og aktivitetar på fjellet, langs kysten, i skogen og i byane. Foreininga står sterkt hos barn og unge, med over 200 Barnas Turlag landet rundt og 40 000 medlemmer i DNT ung, ei av dei største ungdomsforeiningane i landet. Veksten er tufta på rein entusiasme og hardt arbeid frå dei mange frivillige i foreininga.

– Som frivillig hos oss opplever du ein sjeldan fellesskap med andre som hjelper til med meningsfylt arbeid, anten det er å merka stiar, måla hytter, leia turar eller heilt andre spennande oppgåver. Felles for alle er at dei har eit brennande ønske om å leggja til rette for at folk skal få gode naturopplevingar.

## Den Norske Turistforening

Den Norske Turistforening (DNT) har visjonen Naturopplevingar for livet, og verdigrunnlaget **STIEN** som står for **S**panande, **T**ruverde, **I**nklunderande, **E**nkelt / **N**økertert og **N**aturlig. 2018 er DNTS' s jubileumsår.

**Sund turlag** er ein del av DNT ved å være eit lokallag av Bergen og Hordaland Turlag. Sund turlag ønsker å legge til rette for at tilreisande og bebuarar i Sund kommune skal ha mulighet for å komme seg ut på tur, noko som er godt både for humør og helse.

Det er mange merka turstiar i kommunen, men ikkje alle stiane som er teke med i dette heftet er skilta eller merka. Derfor har vi laga enkle kartskisser som viser kvar turane går.

Turlaget jobbar med å ruste opp gamle turstiar og leggje til rette nye. Dette arbeidet tar tid og vi er avhengige av grunneigaravtalar og dugnadshjelp frå frivillige. Arbeidet består av rydding, merking og skilting av turstiane. **Ta gjerne kontakt med oss om du ønskjer å bidra!**

Som medlem av Sund turlag kan du låne klatreutstyr, telt, lavvo, kajaker og noko turutstyr. Du er automatisk medlem i DNT og nyter godt av fordelar dette gir. **Du kan melde deg inn på Sund turlag si nettside: [www.sund.dnt.no](http://www.sund.dnt.no).** Vi treng medlemmer for å kunne gjera en god jobb, og **vi treng fleire frivillige**. Du kan også følge oss på Facebook.




Foto: Bente Vabø



Foto: Bente Vabø

# Turar i Sund

## KARTFORKLARINGAR

-  Parkering
-  Kulturminne
-  Klatreløype, bolta
-  Fortøyningsplass
-  Sikra friluftsområde

**NB!** Tala viser til dei ulike sidene, og bokstavane viser fiskevatn.



Karta er henta i frå Kartverket



## Fiskevatn i Sund

### FISKARAVGIFT/ FISKEKORT

Den statlege fiskaravgifta må betalast av vaksne over 18 år som fiskar i vatn eller vassdrag med laks, sjørrrett eller sjørøye. I Sund gjeld dette berre for fiske i Kørelen. Sjå meir på: <http://fiskeravgift.miljodirektoratet.no/>

Det vert ikkje seld fiskekort i noko vatn i kommunen, slik at fiske med stang er tillate. Skal du fiska med garn må du ha avtale med grunneigarane i vatnet. Ei større oversikt over fiskevatn og fiskeslag i Sund finn du i ei oversikt som Hordaland Jeger- og Fiskerforbund har laga: <https://www.njff.no/fylkeslag/hordaland/Sider/Fiske.aspx>

### NOKRE FISKEVATN I SUND KOMMUNE

Bokstaven framfor fiskevatnet er henvisning i kartet på side 4 i dette heftet.

- A Littlekørelen** Her er det fin aure i fin storleik. Fint å leggje inn fiske i dette vatnet når ein tar turen til Brotavarden.
- B Kørelen** Her er det aure og røye med fin storleik. Det er mange lett tilgjengelege fiskeplasser.
- C Sundsvatnet** (I enden av Dommedalen mot Klokkarvik) Her er det gjedde, vatnet er lett tilgjengeleg.
- D Vorlandsvatnet** Her er det aure, vatnet er veldig lett tilgjengeleg.
- E Storavatnet** (Ved Kallestad) Her er aure i fin storleik. Gå frå Telavåg til Kallestad og stopp for å fiske her.

**Det er fisk i dei aller fleste vatn i Sund kommune og det vert oppmoda til å fiska.**



# Veten

**Startpunkt**

Mange startpunkt – mest brukte er Stranda skulen og Førde.

**Normal gangtid**

2 - 3 timar t/r avhengig av startpunkt.

**Høgde**

284 m.o.h.

**Utm 32 koordinat**

Ø284514 N6681135

**Turskildring**

Høgaste punkt i kommunen. Turen går på fin sti, men med til dels våte parti. På Veten er det ein kikkert og ei sikteskive retta mot fjelltoppar i nabokommunane.

**Bok**

Ja

**Nordsjøløypa**

Stranda – Veten – Klokkarvik

**Parkering**

Førde/Stranda skule



Foto: Eiv A. Krossøy





# Tenneset



<b>Startpunkt</b>	Goltavegen, Nordsjøløypa.
<b>Normal gangtid</b>	3-4 timer t/r, vis sjøvett.
<b>Høgde</b>	20 m.o.h.
<b>UTM 32 koordinat</b>	Ø277550 N6683850
<b>Turskildring</b>	Lett kupert terreng, kan vera litt blautt.
<b>Bok</b>	Ja
<b>Nordsjøløypa</b>	Del av løypetrase Glesvær – Telavåg.
<b>Parkering</b>	Det er ein liten parkeringsplass ved starten på stien. Stor parkeringsplass ved Glesnes skule.



## HEIMANPÅDALSBUA

Restaurert sjøbu som ligg idyllisk til i Goltasundet. Opprinneleg felles sjøbu for småbruka Heimanpådalen (del av Glesnes-bygda). No pussa opp med sengeplass til 4, hems, porta-potti toalett, solcellepanel, gassbluss og vedovn.

For overnatting, kontakt Glesvær Kafe.

Sjå også [www.facebook.com/heimanpadalsbua/](http://www.facebook.com/heimanpadalsbua/)




Foto: Reidun Helle



Foto: Reidun Helle



Foto: Reidun Helle




# Bestemortre

<b>Startpunkt</b>	Førdestraumen eller Førde.
<b>Normal gangtid</b>	1,5 time t/r
<b>Høgde</b>	120 m.o.h.
<b>UTM 32 koordinat</b>	Ø285650 N6681200
<b>Turskildring</b>	Lett kupert terreng. God sti og fin utsikt.
<b>Bok</b>	Ja
<b>Parkering</b>	I begynnelsen av Keilavegen (på nedsiden av RV 555) eller Førde.



Foto: Line Reinertsen



## Bestemortret

Foto: Elisebeth Roland





# Grana

<b>Startpunkt</b>	Telavåg
<b>Normal gangtid</b>	2 timer t/r
<b>Høgde</b>	5 m.o.h.
<b>UTM 32 koordinat</b>	Ø 276222 N 6688568
<b>Turskildring</b>	Lett kupert terreng i utmark. Startpunktet ved skule er ofte blautt. Nydeleg havutsikt.
<b>Bok</b>	Ja
<b>Parkering</b>	Telavåg skule. Går forbi klatrevegg. Eigen brosjyre om klatreveggane kan hentast på Sund Bibliotek.






# Kleppaksla



<b>Startpunkt</b>	Kleppe.
<b>Normal gangtid</b>	1 time t/r
<b>Høgde</b>	201 m.o.h.
<b>UTM 32 koordinat</b>	Ø285350 N6679580
<b>Turskildring</b>	Lett kupert terreng. God sti, spor frå 2. verdenskrig. God utsikt over Krossfjorden.
<b>Bok</b>	Ja
<b>Parkering</b>	Like ved fylkesvegen, nær grendahuset.



*Sund turlag var turleder da statsminister, Erna Solberg, besøkte Kleppaksla.*





# Haganesfjellet/Indrafjellet


<b>Startpunkt</b>	Haganes
<b>Normal gangtid</b>	3 timar t/r
<b>Høgde</b>	232 m.o.h.
<b>UTM 32 koordinat</b>	Ø285500 N6689600
<b>Turskildring</b>	Turen startar i Fjell kommune. Stort sett lett terreng. To parti med bratt stiging.
<b>Bok</b>	Ja
<b>Nordsjøløypa</b>	Del av Nordsjøløypa mot Liatårnet og Fjell festning.
<b>Parkering</b>	Eigen parkeringsplass ved starten på stien, Haganes.





# Brotavarden

<b>Startpunkt</b>	Telavåg stadion, Nordsjøløypa.
<b>Normal gangtid</b>	4 timar t/r, vis sjøvett.
<b>Høgde</b>	87 m.o.h.
<b>UTM 32 koordinat</b>	Ø277980 N6689990
<b>Turskildring</b>	Lett kupert terreng i utmark. Fin badeplass ved Brotet. Gamle fangsthytter.
<b>Bok</b>	Ja
<b>Nordsjøløypa</b>	Telavåg–Kjereid–Kallestad
<b>Parkering</b>	Telavåg stadion





# Randifjellet

<b>Startpunkt</b>	Førde og Vorland
<b>Normal gangtid</b>	2-3 timer t/r
<b>Høgte</b>	240 moh.
<b>UTM 32 kordinat</b>	Ø284200 N6682400
<b>Turskildring</b>	Kupert terreng, fin utsikt.
<b>Bok</b>	Ja
<b>Parkering</b>	Førde og Haugeskulen (Vorland)





# Vorlandstuva

<b>Startpunkt</b>	Vorland
<b>Normal gangtid</b>	2-3 timer t/r
<b>Høgde</b>	190 m.o.h.
<b>UTM 32 kordinat</b>	Ø284200 N6682400
<b>Turskiltring</b>	Kupert terreng, fin utsikt.
<b>Bok</b>	Ja
<b>Parkering</b>	Haugeskulen (Vorland)



Foto: Bernt Vabø





# Selekletten


<b>Startpunkt</b>	Tofterøy skulehus.
<b>Normal gangtid</b>	Ca. 2 timar t/r, avhengig av startpunkt.
<b>Høgde</b>	60 m.o.h.
<b>UTM 32 kordinat</b>	Ø 282071 N 6677750
<b>Turskiltring</b>	Lett kupert terreng i utmark. Selefjellet har restar etter tysk utkikkspost. Fin badeplass i Skjelevika.
<b>Bok</b>	Ja
<b>Parkering</b>	Tofterøy skulehus.





# Lutatangen

<b>Startpunkt</b>	Ved nedre Golta.
<b>Normal gangtid</b>	Ca. 2 t/r, vis sjøvett.
<b>Høgde</b>	17 m.o.h.
<b>Utm 32 koordinat</b>	Ø278200 N6683250
<b>Turskildring</b>	Lett kupert kystlandskap i utmarksbeite. Kan vera litt blautt i små partier. Hugs bandtvang, og ha respekt for gjerde/steingardar.
<b>Bok</b>	Ja
<b>Parkering</b>	Parkering på nedre Golta.





# Tyssøy

**Startpunkt****Normal gangtid****Høgde****UTM 32 koordinat****Turskildring****Bok****Parkering**

Ved parkering like etter brua

1,5 time t/r. Vis sjøvett.

5 m.o.h.

Ø 287300 N 6689700

Følg asfaltveg og grusveg mot Smivågen. Sti frå Smivågen rundt Vestreneset til Skjervika. Lett terreng, god utsikt mot Raunefjorden. Bergen og Omland Friluftsråd har lagt ut kode for TellTur. Sjå også:

<http://telltur.no/bergen-og-omland-friluftsrad>

Ja

Parkering like etter brua





# Skaganeset

## Startpunkt

Ta av frå Austre Sundvegen og følg Skogsvågvegen 900m.

## Normal gangtid

Ta av til venstre og følg Storhaugen 180m

## Høgde

1,5 timar t/r.

## UTM 32 koordinat

5 m.o.h.

## Turskildring

Ø 284250 N 6688000

Variert terreng med godt merka sti og klopper over våte parti. Det er mange steinalderfunn i området, og deler av stien går langs Kvalvågen med rik kvalfangsthistorie. Det er ein del sopp, og svært mykje blåbær i området.

## Bok

Ja

## Parkering

Parkering for 2-3 bilar ved startpunktet i Storhaugen








# Storevarden

<b>Startpunkt</b>	Stranda skule v/gitaren
<b>Normal gangtid</b>	2-3 timar t/r.
<b>Høgde</b>	232 m.o.h.
<b>UTM 32 koordinat</b>	Ø 284364 N 6680597
<b>Turskildring</b>	Kupert turløype med ulike opplevingar. "Ord i spreke spor" <a href="http://www.ordispor.no">www.ordispor.no</a>
<b>Bok</b>	Ja
<b>Nordsjøløypa</b>	Del av Nordsjøløypa. Stranda – Veten – Klokkarvik.
<b>Parkering</b>	Stranda skule





# Sundskogen

**Startpunkt**

Sund kyrkje

**Normal gangtid**

1 time t/r

**Høgde**

70 m.o.h.

**UTM 32 koordinat**

286100 N 6683250

**Turskildring**

Følg Gamle Kyrkjevegen til parkering bak Klokkarvik barnehage. Følg så grusvegen forbi lavoen. Like nord for lavoen startar stien mot vest, opp bakken. Lett turterreng, godt eigna for små barn.

**Bok**

Ja

**Parkering**

Sund kyrkje



Foto: Gitte Bjørney





# Lerøyna



**Startpunkt**  
**Normal gangtid**  
**Høgde**  
**Turskildring**

Fergekai. Fergerute Hjellestad-Klokkarvik, skys.no.  
 1 time rundt vatnet, vis sjøvetv.

Ca. 50 m.o.h.

Asfalt, grusvei og deretter sti gjennom skog, lett terreng. Badeplass ved sørsida av vatnet. Den gamle kyrkjegarden ligg nord-aust på Lerøy. Sjå kart.

**Bok**  
**Parkering**

Ja  
 Klokkarvik kai. Ein kan òg bruka båt eller kajakk.  
 Kajakk kan leigast hos Sund kystlag på Klokkarvik.



## SENOIRTUR TIL LERØYNA

Etter Vafler og kaffe ble seniorenne vist rundt og fikk historien til militæranlegget, minnesmerket over russiske fanger og tidligere Seilbakkens Mekaniske Verksteder som nå er blitt omgjort til rorbuer.



# Risøyna



<b>Høgde</b>	2 m.o.h.
<b>UTM 32 koordinat</b>	Ø279920 N6679820
<b>Turskildring</b>	Kobbavågen, fin badeplass med sandbotn. Lett å padle dit, fint for nybyrjarar. Fint å gå tur rundt på øya. Vis sjøvett!
<b>Bok</b>	Nei
<b>Båttutleige</b>	Kajakk og kano kan leigast hos Sjøsportsenteret på Glesvær eller hos Panorama hotell. Bergen og Omland Friluftsråd har lagt ut kode for TellTur, sjå også: <a href="http://telltur.no/bergen-og-omland-friluftsråd">http://telltur.no/bergen-og-omland-friluftsråd</a>





## BYGGMESTER REIDAR VORLAND

- utfører alt innen tømrerarbeid  
tlf. 480 28 702



Salg av filet, lettsaltet og røykt fisk.  
Tlf: 56 33 82 92 • Mail: telavagfisk@online.no



Sotra Seafood a.s



TLF 56 31 95 00  
www.tmr.no



Sund Apotek • Sundsenter  
Åpningstider: man-fre 09-17  
lørd 10-15



PANORAMA  
HOTELL & RESORT

www.panoramahotell.no | tlf: 56 31 90 00



B TELLE  
TREARBEID AS

Et selskap i Telle Gruppen



## HENNINGSEN BUNADSERVICE

Vi lager din nye bunad  
eller reparerer den du allerede har!  
Nytt bunadsølv - pussing/repasasjon

Grønebakkvegen 3A - 5382 Skogsvåg  
Tlf: 483 85 480 - epost: bunadsyng@gmail.com



KLEPSVIK  
& SØNN

Kaien Håkonsund - 56338650 • Sund Senter - 56337444

## KALLESTAD TRANSPORT AS

tlf: 932 19 288



www.sekkingstad.no  
E-mail: post@sekkingstad.no



TLF 951 87 323 / 971 10 336



Bestill fra din smarttelefon: 56 33 70 70  
Last ned appen FixIT Timebestilling  
fra App Store eller Google play



TELLNES NÆRINGS-PARK • 56 33 10 00  
post@tellnesautosenter.no • www.tellnesautosenter.no  
VERKSTED I AUTOMESTER BILVERKSTEDKJEDEN



BØRNES & FOSSE SNEKKERVERKSTED AS  
Storbotn Næringspark 54 • Tlf: 56 33 96 30  
www.vestlandstrappen.no



ØKONOMI  
Grønebakkvegen 3A, 5382 Skogsvåg.  
Tlf. 56 33 77 22. www.collegium.no



Sund Senter  
06.30-23 (08-23)



KLEPSVIK MAT AS  
8-21 (9-20)

Vei, vann og avløp • Fjellsprengning og sikring  
Betongkonstruksjoner • Grunnarbeid • Boligbygging

**Hylland AS**  
Fagkunnskap gir solide resultater

Leirvikflaten 31, 5179 Godvik  
E-post: kontor@hyllandas.no • www.hyllandas.no • Tlf. kontor: 940 17 200

Åpent kvar dag heile året!



**GLESVÆR**  
KVALITET PÅ TILBUD

Tlf. 56 33 90 80 • Mob. 951 03 394 • www.glesvær.no



**EIDE SKOG OG HAGE**

DIN LOKALE  
ANLEGGSGARTNER

ALT INNEN TREFELLING,  
MURING, BETONG, SIKRING,  
GRAVING OG HAGEARBEID

TLF. 47800900  
E-POST - POST@EIDESKOGOGHAGE.NO



**WVS FAG AS**  
AUT. RØRLEGGERFIRMA

Midstegen, 5382 Skogsvåg • Tlf. 56 33 74 50



**N. JACOBSEN AS**  
ENTREPRENØR  
ALT I GRUNN & BETONGARBEIDER

TLF: 56 33 91 00

**REMA 1000**  
SKOGSVÅG  
06-23 (07-22)



**FORLAND  
AUTOSENTER AS**

TLF: 56 31 41 00



**ALGRØY  
Elektro as**

Tlf. 56 33 62 40 • www.algroyelektro.no



**roger jordalen  
maskin a.s**  
5380 TELAVÅG • Mobil 91 37 70 72

**Sotra  
rør**  
Enkelt!

TLF: 56 33 61 50

# TURVETT

## Nærtur

- Sei i frå kvar du har tenkt deg på tur
- Lytt til dei som har gått turar før deg
- Ha respekt for vêt og vêrmelding
- Ha respekt for gjerde og steingardar
- Ikkje kast søppel i naturen og plukk opp viss du ser noko
- Ta med drikke
- Ha godt fottøy
- Ta med nok klede, bles det er det viktig med noko som er vindtett
- Skal du i båt må du ha med godkjent flyteplagg, lær sjøens trafikkregler.

## Barn

- Planlegg turen saman med barna
- Sett av tid til undring
- Gå ut i dårleg ver, det blir gode minner
- Leik, du er vaksen og har lov til det
- Ikkje sneu med ein gang, barn klarar meir enn du trur
- Ha alltid med ekstra bensin til barna
- Lukt på mose, bruk alle sansane
- Førstehjelpsutstyr, varme klede og nok mat og drikke høyrer alltid til
- Få hjelp undervegs, barna likar å bidra
- Mål suksess i antall timar ute, ikkje km
- Skryt oppriktig av barna
- Ta pausar undervegs
- Tenk tryggleik - er du i tvil så er du ikkje i tvil.

For meir info sjå <http://helstute.com/>



## TURPROGRAM - BLI MED OSS PÅ TURI!

Tura med turleiar som har lokal kunnskap og erfaring med å ta med seg turglade menneske på tur. Turvett reglar og kva du treng på turar skildra på side 43 i dette heftet.

### SØNDAGSTURER

#### 25. MARS KLEPPE – VETEN - HØYLAND

Oppmøte ved Kleppe Gren-  
dahus kl. 11.00. Turen starter  
på Kleppe går til Kleppaksla  
og vidare til Vetten, Der tar vi  
ein liten pause. Ha med litt  
mat og drikke. Vi får ein flott  
utsikt over Krossfjorden når vi  
går ned til Høyland. Vi følger  
fylkesegen tilbake til Kleppe.  
Tur tar ca. 3 timer inkl. Pause.  
Arr: Sund Turlag

#### 10. JUNI SKOGSVÅG - KLEPPE

Oppmøte ved Skogsvåg skule  
kl. 10.00. Turen går over  
Storaskjennet og langs med  
Langavatnet. Opp til Stolåsen  
der tar vi ein liten mat pause,  
så vidare til Nyatrævatnet  
og opp til Vetten her vert det  
og ein liten mat pause. Ned  
turen går over Kleppaksla til  
Kleppe.  
Organisert Returtransport.  
Turen ca. 5-6 timer inkl. Pauser  
Arr: Sund Turlag

#### 23. SEPTEMBER VORLAND –VETEN – VORLAND

Oppmøte på Vorland ved den  
nye rasteplassen kl. 11.00  
Turen går frå Vorland til  
Vorlandstuva og vidare til Rand-  
ifjell der vi ta ein liten  
Mat pause, så opp til Vetten og  
ned til Vorland via Fadrabordet  
. Ta med littmat og drikke. Turen  
tar ca 4 timer inkl. Pause  
Arr: Sund Turlag

#### 22. APRIL TELAVÅG - BROTAVARDEN - TELAVÅG

Oppmøte ved Telavåg bede-  
hus ( Brua ) kl. 11.00  
Vi følger Nordsjølyøpa til Bro-  
tavarden, der er det flott utsikt  
mot øyane på sørvest siden  
av Fjell kommune. Vi tar turen  
om Nesvika på turen tilbake til  
Telavåg bedehus. Ha med litt  
mat og Drikke. Turen tar  
ca. 4 timer inkl. Pause  
Arr: Sund Turlag

### OVERNATTINGSTUR TIL STØLSHEIMEN

#### 27.-29. JULI BJERGANE-SELHAMAR-ÅSEDALEN-BJERGANE

For meir info og påmelding sjå [sund.dnt.no](https://www.sund.dnt.no)  
Arr: Sund Turlag



FOTO: Helen Uglefenes

### BARNAS TURLAG



#### SØNDAG 2. SEPT KOM DEG UT DAG I TELAVÅG

Info kommer på facebook og  
nettside når det nærmer seg.  
Arr: Barnas Turlag Sund

45  
ENDRINGAR & TURAR  
UTENOM DET SOM  
ER OPPSATT HER,  
BLIR ANNONSERT  
PÅ FACEBOOK OG  
NETTSTADEN TIL  
SUND TURLAG

#### APRIL KVELDSMATTUR TIL AKTIVITETSLØYPA PÅ KLEPPE

Ta med kveldsmaten og bli  
med på tur. Info om dato og  
klokkeslett kjem på facebook  
og [sund.turlag.no](https://www.sund.turlag.no)

Arr: Barnas Turlag Sund

#### SØNDAG 29. APRIL MIDDAGSTUR VED FJØRA PÅ SYLTØY

Barnas Turlag Fjell og Barnas  
Turlag Sund inviterer til  
middagstur ved fjøra på  
Syltøy.

Havforskar og sjømatentusiast  
Arne Duinker blir med oss og  
vil vise oss noko av det ein kan  
tilberede av det ein finn i fjøra.

Det er bindande påmelding  
til denne aktiviteten:  
<https://www.bergenoghordalandturlag.no/aktiviteter/91708/848866/>

Arr: Barnas Turlag Sund  
og Barnas Turlag Fjell



Foto: Rannhild Svendsen

#### OKTOBER TUR TIL GITAREN

Info kommer på facebook og  
nettside når det nærmer seg.  
Arr: Sund Turlag og Sund  
folkebibliotek



Foto: Elisabeth Røffland

# Seniorgruppa

Foto: Eivy Krossøy

## VÅR-TURAR

06. MARS <b>ALVØEN</b> Oppmøte: Hald Stadion Tid: kl. 10.30 Turtid: 3 timar	17. APRIL <b>SMØRÅSFJELLET</b> Oppmøte: Hald Stadion Tid: kl. 10.30 Turtid: 2-3 timar	22. MAI <b>BONTVEIT - TOTLAND</b> Oppmøte: Hald Stadion Tid: kl. 10.30 Turtid: ca. 3 timar
13. MARS <b>NIPASÅTO – RUNDT GÅSAVATNET</b> Oppmøte: Telavåg stadion Tid: kl. 10.30 Turtid: ca. 3 timar	24. APRIL <b>VETEN FRA FØRDE</b> Oppmøte: Førde Tid: kl. 10.30 Turtid: 2-3 timar	29. MAI <b>LUTATANGEN</b> Oppmøte: Nedre Golta Tid: kl. 10.30 Turtid: 2-3 timar
20. MARS <b>SÆLEKLETTEN- SÆLEFJELLET</b> Oppmøte: Tofterøy skule Tid: kl. 10.30 Turtid: 2-3 timar	01. MAI <b>LYNGHOVDA-GRANA</b> Oppmøte: Telle Tid: kl. 10.30 Turtid: 2-3 timar	5. JUNI <b>SKOGSØY, ØYGARDEN</b> Oppmøte: Hald Stadion Tid: kl. 10.30 Turtid: 2-3 timar
03. APRIL <b>KJEIPEN</b> Oppmøte: Goltavegen Tid: kl. 10.30 Turtid: 1-2 timar	08. MAI <b>ASKØY SØREFAUSKANGER</b> Oppmøte: Hald Stadion Tid: kl. 10.30 Turtid: ca. 3 timar	12. JUNI <b>BØRNESTANGEN</b> Oppmøte: Sund Skule Tid: kl. 10.30 Turtid: 2-3 timar
10. APRIL <b>TYSSØY</b> Oppmøte: Hald Stadion Tid: kl. 10.30 Turtid: 2 timar	15. MAI <b>VORLANDSTUO</b> Oppmøte: Haugeskolen, Vorland Tid: kl. 10.30 Turtid: 2-3 timar	19. JUNI <b>AUSTEVOLL</b> – Avslutning før ferien Oppmøte: Hald Stadion Tid: kl. 10.30 Turtid: Heildagstur



## HAUST-TURAR

21. AUGUST <b>BEKHILLEREN</b> Oppmøte: Telavåg Stadion Tid: kl. 10.30 Turtid: ca. 2 timar	25. SEPTEMBER <b>LERØYNA</b> Oppmøte: Klokkarvik kai Tid: kl. 12.40. Ferja går 12.50 Retur kl 16 Turtid: 2-3 timar	30. OKTOBER <b>SKAGANESET</b> Oppmøte: Skaganeset Tid: kl. 10.30 Turtid: 2 timar
28. AUGUST <b>LIATÅRNET</b> Oppmøte: Hald Stadion Tid: kl. 10.30 Turtid: ca. 3 timar	2. OKTOBER <b>ORMHILLEREN</b> Oppmøte: Hald Stadion Tid: kl. 10.30 Turtid: ca. 2 timar	6. NOVEMBER <b>KLEPPAKSLA</b> Oppmøte: Kleppe grendahus Tid: kl. 10.30 Turtid: 1-2 timar
4. SEPTEMBER <b>LØVSTAKKEN</b> Oppmøte: Hald Stadion Tid: kl. 10.30 Turtid: ca. 3 timar	9. OKTOBER <b>ALGERØY</b> Oppmøte: Hald Stadion Tid: kl. 10.30 Turtid: ca.3 timar	13. NOVEMBER <b>GARDAFJELLET</b> Oppmøte: Hald Stadion Tid: kl. 10.30 Turtid: 2-3 timar
11. SEPTEMBER <b>TENNESET</b> Oppmøte: Kausland Gravplass Tid: kl. 10.30 Turtid: 3 timar	16. OKTOBER <b>HÅKONSUNDET</b> Oppmøte: Håkonsund kai Tid: kl. 10.30 Turtid: 2-3 timar	20. NOVEMBER <b>VORLANDSVATNET RUNDT</b> Oppmøte: Haugeskule Vorland Tid: kl. 10.30 Turtid: 2-3 timar
18. SEPTEMBER <b>ØVRE GOLTA</b> Oppmøte: Nedre Golta Tid: kl. 10.30 Turtid: 2-3 timar	23. OKTOBER <b>FJEREIDE</b> Oppmøte: Hald Stadion Tid: kl. 10.30 Turtid: ca.3 timar	27. NOVEMBER <b>GLESVÆR RUNDT</b> Oppmøte: Glesvær kai Tid: kl. 10.30 Turtid: 1-2 timar <b>Avslutter med kafébesøk</b>



# Strandrydding

Når ein går tur i kystnære strom er det dessverre slik at ein ser mykje plast og anna boss i strandsona. Dette er først og fremst eit problem for dyrelivet i og ved sjøen, men det går også ut over gleda ved å gå tur i desse områda.

Om du ser stader som treng å ryddas eller ønskjer å arrangere strandrydding er det fint om du brukar Ryddeportalen på holdnorgerent.no. Strandrydde-sekkar får du på gjenbruksstasjonen i Midtstegen, biblioteket på Sund senter, Bunnpris i Spildepollen, Ungdomshuset på Glesvær, samt fleire andre stader. Du kan levera sekkane etter strandrydding gratis på gjenbruksstasjonen eller ved eit av BIR sine hyttereno-vasjons punkt.

På facebook sida «Frå vik til vik – Rein kyst» finn du meir info og strandrydde-aksjonar som du kan delta på. Foto: Helge Bjørøy



Alle som leverer inn klippkort på Biblioteket, Sund Senter innan 15. januar 2019, er med i trekninga om fine premiar! DNT medlemmer (enkelmedlem eller familiedlem) er i tillegg med i trekninga av ein hovudpremie. Bli medlem på [sund.dnt.no](http://sund.dnt.no)



Alder

Namn

e-post

Adresse

Telefon

Er medlem i Sund  
Tur lag eller anna DNT  
lokallag

Hugs og klippa hol i side 49 og 51

Veten, 284 m.o.h.

Tenneset, 20 m.o.h.

Bestemortre, 120 m.o.h.

Grana, 5 m.o.h.

Kleppaksla, 201 m.o.h.

Haganesfjellet/  
Indrafjellet

Brotavarden, 87 m.o.h.

Randifjellet, 240 m.o.h.

Vorlandstuva, 190 m.o.h.

Selekletten, 60 m.o.h.

Lutatangen, 17 m.o.h.

Tyssøy, 5 m.o.h.

Skaganeset, 5 m.o.h.

Storevarden, 232 m.o.h.

Sundskogen, 70 m.o.h.

Lerøy, 50 m.o.h.

Risøyna 2 m.o.h.

# Slik brukar du klippekortet:

Kvar gong du gjennomfører eit av dei 17 turmåla i dette heftet vil du ved turmålet finne holtanga, som du klipper eit hol i dette klippekortet med.

Skriv deg gjerne inn i turboka som ligg i postkassa ved turmålet. Legg du ut eit bilete på instagram, hugs å legge til emneknagg: [#kystpass 2018](#).

Når du har gått 7 turar eller fleire kan du levera klippekortet på s. 49 på Sund folkebibliotek eller legge det i bokkassa utanfor biblioteket innan 14.01.2019.

Då blir du med i trekninga av mange flotte premiar!

Alle som leverar inn klippekort får ein liten premie.

Det blir trekt ut vinnare av alle som leverar inn klippekort, hovudpremien blir i tillegg trekt blant DNT medlemmer. Hugs å kryss av dersom du er medlem.

Kystpasset får du hos Biblioteket, Kiwi, Klepsvik på Sund Senter, YX Forland Autosenter, REMA 1000 Skogsvåg, Panorama, Glesvær kafé og SPAR Steinsland.

Det blir òg trekt premiar blant dei som har sjekka inn digitalt på SjeckUT – minst 7 kystpassturar må du ha registrert (sjå baksida for info om SjeckUt).



**ENKEL**



**MIDDELS**



**KREVJANDE**

Neste nivå er ekspert, slike turar har vi ikkje i Sund.



Foto: Bente Veber



Foto: Helge Bjørøy



Foto: Heidi Fjell

**Veten, 284 m.o.h.**

**Tenneset, 20 m.o.h.**

**Bestemortre, 120 m.o.h.**

**Grana, 5 m.o.h.**

**Kleppaksla, 201 m.o.h.**

**Haganesfjellet/, 232 m.o.h  
Indrafjellet**

**Brotavarden, 87 m.o.h.**

**Randifjellet, 240 m.o.h.**

**Vorlandstuva, 190 m.o.h.**

**Selekletten, 60 m.o.h.**

**Lutatangen, 17 m.o.h.**

**Tyssøy, 5 m.o.h.**

**Skaganeset, 5 m.o.h.**

**Storevarden, 232 m.o.h.**

**Sundskogen, 70 m.o.h.**

**Lerøy, 50 m.o.h.**

**Risøyna 2 m.o.h.**



## DNT SjekkUT

I 2016 lanserte DNT en ny app som heiter SjekkUT. Denne har vi i Sund Turlag tatt i bruk, og mange av våre turar ligger her. Når du er i nærleiken av eit sjekkut-punkt vil dette koma opp i appen. Du kan sjå kart som viser kvar du er og turpostar som er lagt inn i nærleiken. Du kan sjekke inn på turposten med mobiltelefonen og signere den digitale gjesteboka.

Sund Turlag har fleire sjekkUT-punkt og alle desse finn du i DNT - SjekkUT appen. Når du går i ei av turløypene sjekker du inn i app'en og turen blir då registrert på deg. Det er gratis å opprette ein brukarkonto, og du treng ikkje vera medlem i Sund Turlag eller DNT.

Grafisk Design: Heidi Fjell Trykk: BODONI

## KLIPPEKORT

### 17 TURMÅL FOR STORE OG SMÅ!

Lever inn side 49 til Sund Turlag eller Biblioteket på Sund Senter innan 15.01.2019, så er du med i trekninga. Trekning blir kunngjort på nettside og facebook, både for Kystpass og SjekkUt.

#### KONTAKT OSS

sund.turlag@dnt.no  
www.sund.dnt.no  
www.facebook.com/  
sundturlag



Sund Turlag  
Bergen og Hordaland Turlag

